



Telemarkskyri

Nr. 2 • 2024



Nina Svartedal, ein verdig arvtaker av Kleppens vandrekrus etter Landslaget for Telemarkfe

Livdyrsalg

Kjøp og salg formidles **gratis** av lagets livdyrformidler. Annonser for livdyrsalg kan vi legge inn på vår facebookside for kjøp og salg av livdyr. Følg oss også på facebookside www.facebook.com/telemarksfe - her postes salg og mange spennende debatter.

Livdyrformidler:

Jan Erik Kjær
Tlf. 917 48 837
jekjaer@online.no

Bli medlem eller verv en Telemarkfe-venn

Medlemspriser fra 01.01.24:

Bruksmedlemskap kr 600,-
Personlig medlemskap kr 500,-

For å støtte opp om arbeidet om Telemarkskua
Vipps til 135921



Kuhode

Laget i blankt, rustfritt stål.
Ca 15x20 cm.
Fint ved inngangsdøra
eller på postkassa.
kr. 360,-

Kjøp i nettbutikken vår www.telemarkfe.no



Kaffikrus	kr 230,-
Hornknapper	kr 400,-
Boka Telemarkskua, Bondens lykke	kr 150,-
Boka Telemarksfeet gjennom 150 år	kr 150,-

Nye fine T- skjorter i rødt og svart med trykk framme og bak for barn og voksne
kr 250,-

Stilige forklær i svart, en størrelse kr 400,-

Stilige bøffer i rødt og blått for små og store **kr 60,-**

Alle priser er inkl. mva.

Porto kommer i tillegg.
Du kan også kjøpe produktene på standen vår på Sterke Nils-tunet under Dyrsku'n.



Grafisk produksjon
Skipnes AS

Forsidebilde:
Foto: Dyrsku'n

STYRET

Leder

Sigbjørn Haslemo
Kvennbekken 6
4820 Frolland
Tlf. 91 61 98 50
s-haslem@online.no

Nestleder

Frøde Borø Svaland
Svalandsveien 114
4760 Birkeland
Tlf. 91 19 29 52
fbvaland@gmail.com

Styremedlemmer

Marius Risdal
Vegusdalveien 33
4760 Birkeland
Tlf. 917 29 142
mrisdal245@gmail.com

Aadne Ådneram
Sirdalsvegen 8864
4443 Sirdal
Tlf. 41 84 40 00

Lina Aasan
Flatdalsvn. 920
3841 Flatdal
Tlf. 46 35 27 61
lina.aasan@outlook.com

Varamedlemmer

Kathrine Kinn
Tlf. 45 22 97 71
kathrine.kinn@gmail.com

Gunnar Haugo
3864 Rauland
Tlf. 97 57 86 43
gunnar.haugo62@gmail.com

Valgnemd

Hilde Riis
Tlf. 97 98 27 27

Even Nordrehaug
Tlf. 95 95 57 85

Aslak Snarteland
Tlf. 90 76 34 52

Salgsansvarlig

Hilde Riis
Bakken 55
3536 Noresund
Tlf. 97 98 27 27

Sekretær og regnskap

Dyrsku'n Arrangement AS
Nordbygdvegen 60
3840 Seljord
Tlf. 35 06 57 70
post@telemarkfe.no

AVLSUTVALG

Leder
Jan Erik Kjær
Tlf. 91 74 88 37
jekjaer@online.no

Lina Aasan
Tlf. 46 35 27 61
lina.aasan@outlook.com

Gunnar Haugo
Tlf. 97 57 86 43
gunnar.haugo62@gmail.com

LIVDYRANSVARLIG

Jan Erik Kjær
Tlf. 91 74 88 37
jekjaer@online.no

Forespørsler om stambokføring rettes til Norsk Genressurs-senter

Tlf. 64 04 89 82
anna.holene@nibio.no

FINN OSS PÅ NETT

www.telemarkfe.no
Facebook: @telemarksfe
Livdyr: Se facebook-gruppen på Landslaget



Leder'n:



Ja, så er det forlate meg snart jul igjen.

Året har gått fort, men likevel er det mye positivt som har skjedd. Det er flere som har startet opp med Telemarksku og vi har fått en del nye medlemmer. Hjertelig velkomne til dere! Vi hadde et godt årsmøte og en flott tur i sommer.

Vi forberedte Dyrskun godt, og hadde i år igjen den største «delegasjon» av påmeldte til ku- utstillinga - 16 kyr. MEN plutselig så kom «Blåtunga» og lagde årets nedtur. Utstillinga blei avlyst og ei stund så det ut til at det ikke skulle bli kyr på Dyrskun. Etter litt fram og tilbake blei det likevel kyr i Husdyrhallen og på Sterke Nils-tunet, slik at vi kunne få vist fram fine kyr. Det var god aktivitet på standen vår med mange besøkende og godt salg. Jeg vil her benytte anledningen til å takke alle som stod på stand og var med å gjorde Sterke Nils-tunet levende.

Vi har hatt godt samarbeid i styret og ser fram til neste år, da planlegger vi vandreutstilling igjen, så jeg håper mange vil ha besøk for å få bedømt kyrne. Vi vil som vanlig også invitere til å konkurrere om høyeste melkeyting for året 2024.

Jeg avslutter med å ønske alle ei riktig god jul og et godt nyttår.

Håper å treffe mange av dere gjennom året som kommer 😊

Sigbjørn Haslemo



HEIDRA for å bevare gamle kurasar

På 1990-talet var det kritisk for dei gamle storferasane. I tolvte time vart det bestemt at dei skulle teljast og vernast. No er ingen av rasane lenger kritisk trua, dei er berre trua. – Tolmod, engasjerte bønder og politisk vilje har gjort det mogleg, seier Nina Svartedal.

Som student ved husdyrlinja på Ås, reiste Nina Svartedal rundt om i landet for å telje og registrerer kyr av dei gamle norske storferasane. Det var starten på eit over tretti år langt engasjement for å bevare dei stadeigne norske storferasane.

Kompetanse, tolmod og politisk vilje

Under Dyrskun'n i Seljord, vart Svartedal heidra med Hans Kleppens Vandrekurs og eit diplom av kunstnaren Borghild Telnes. Statsminister Jonas Gahr Støre og landbruks- og matminister Geir Pollestad, fekk overrekke prisen.

– Det er stas å bli sett og satt pris på. Det er eg veldig glad for, og det kjennest godt, seier Svartedal.

– Vi er eit godt lag, ikkje minst bøndene som tek vare på rasen på sine bruk. I tillegg har styresmaktene har gjort nokre gode politiske prioriteringar som har gjort bevaringsarbeidet mogleg.



Velfortent og stolt prisvinnar rett etter utdelingen.

Svartedal meiner følgjande punkt har vore avgjerande:

1. God oversikt over tal dyr og slektskapet mellom dei.
2. Bøndene som har hatt kyrne og deira raselag
3. Frosen sæd tilgjengeleg for heile landet heile tida.
4. Tolmod. Alle som driv med bevaringsarbeid må vere uthaldande.

– Men så er det utruleg moro når vi lukkast med å nå første delmål. Og det har vi. Ingen av rasane er lenger kritisk trua. Dei er berre trua, seier ho.

– Kva no?

– Det er eit eventyr at dei aukar i tal, år for år, men dei er jo framleis trua. Det er skjørt. Vi toler ikkje at det dei blir redusert, seier Svartedal.

“**Dei har unike mjølkeeeigenskapar som vi må ta vare på.**”

Økonomi i gamle storferasar

At somme bønder no vel desse rasane ut frå ei økonomisk vurdering, ikkje først og fremst for å bevare rasen, meiner ho er gledeleg.

– Dei tek kjøtt i retur og opplever at det sel som hakka møkk, anten på Reko-ringen eller privat.

Tradisjonelt har dei gamle rasane vore halde som mjølkefe, men auken skjer no først og fremst som ammekyr. Svartedal meiner det er viktig å bevare rasane òg som mjølkekyr.

– Dei har unike mjølkeeeigenskapar som vi må ta vare på. Og så må vi ta vare på kompetanse om korleis vi held desse rasane som mjølkekyr. Då er kvar ein bonde viktig, for vi finn ikkje denne kunnskapen i lærebøkene, og rådgivarapparatet har lite kompetanse på desse rasane. Det er sårbart, seier Svartedal.

Nina Svartedal

Svartedal er seniorrådgivar ved Norsk genressurs-senter, NIBIO, som har ansvar for å overvake og rapportere status for bevaringsverdig genmateriale for planter, husdyr og skogstrær i Noreg. I 2023 ga ho ut boka: «Husdyra som ikke ville dø ut» saman med Odd Vangen. Nina og mannen Lars har sjølve nokre dølafe på garden Svartedal i Skiptvet i Østfold.



Nina i sitt rette element saman med Telemarkskua 929 Frodig frå Aslak Snarteland. Regina Brajkovic, leder i komiteen, og Gisle Snarteland i bakgrunnen

Kyrne som ikkje ville døy ut

I 2023 kom Nina Svartedal og Odd Vangen ut med boka “Husdyra som ikkje ville dø ut”. Ei bok om kampen og viljen til å bevare dei gamle husdyrasane våre. Skildra av eldsjelar som har gjort det mogleg. Under Dyrsku’n summerte Svartedal denne 30 år lange historia.

Utdrag frå Svartedal sin presentasjon under opninga på Dyrsku’n

- Telemarkskua er vår eldste storferase, og vart første gong vist på utstilling i Kvitseid i Telemark i 1856. Tanken var at telemarksfeet skulle vere kua for alle fjellbygder, og i fleire tiår vart ho seld til bygder over heile landet. Ho fekk lokale namn som hallingdalsfe, valdresfe og trysilfe. Men då nasjonalromantikken fekk feste i landet, ville bygdene ha sine egne rasar med kyr med sine egne uniformar. Telemarkskua vart kjeppjagd heim til Telemark – og vi fekk dølafe, vestlandsk raudkoll, vestlandsk fjordfe, sidet trønderfe og nordlandsfe. Og østlandsk rødkoll. Desse seks konkurrerte i nokre tiår om å vere den vakraste og beste kua i landet.

Men så, like før andre verdskrig, dukka det opp ein ny rase, litt frå sidelinja – nemleg norsk raudt fe. Ho var revolusjonerande i sin måte å konkurrere på. Dei brydde seg ikkje om farge, fine horn eller vakre teikningar. Men skrøyt av sine gode mjølkeegenskapar. Punktum.

I løpet av 1960-talet hadde norsk raudt fe i praksis dei andre norske storferasane. Og i 1990 var dei så godt som utrydda. Ein av rasane hadde berre elleve kyr att. Skulle rasane reddast, måtte det settast i verk tiltak – umiddelbart.

Hans Kleppens Vandrekurs

Sylvkruset er ein arv etter bonde Hans Kleppen, testamentert til Telemark landbrukselskap. Kvart andre år sidan 1950 har kruset blitt delt ut på Dyrsku’n til personar som har gjort ein innsats for telemarksfeet.

Først vart det gjort ei teljing på alle besetningar og individ for alle rasane. Det vart starten på å ha kontroll på kvar ei ku, slektskapet mellom dei, og kven som eig dei. I fjor vart det feira at ingen av dei gamle norske storferasane lenger har status som kritisk trua. No er dei «berre» trua. Alle rasane har fleire enn 300 kyr.

“Ein av rasane hadde berre elleve kyr att

Dei gamle storferasane er ein del av kulturhistoria vår. NRF som dominerer i norske fjøs, ho er produktiv og god på helse og helse og fruktbarheit i internasjonal samanheng. Men ho har truleg mista nokre eigenskapar på vegen. Eit døme er ein genetisk mjølkeproteinvariant som er avgjerande for å få felt ut ostestoff til ysting. Denne genvarianten er vanleg hjå dei gamle kursane, men er nesten vekke hjå NRF. Mange erfarer òg at kjøttet frå dei gamle rasane har spesielt god smak, men her står det att ein del forskning.

Historia viser at sjølv om det kan verke håplaus, er det utruleg kva som kan reddast når gode krefter jobbar i lag.



Frå Sterke Nils-tunet på Dyrsku'n

Sterke Nils-tunet er nå utvida med et stort, nytt areal bak fjøset. Der er en gammel gravhaug der Telemarkskyr og geiter går og beiter. Som vanlig var det fyr i bålpannene fra tidlig morgen til etter stengetid og kaffen smaker ekstra godt. Det gikk faktisk med 18 kg kaffe i år. I og med utvidelsen, blir dyra enda mer og bedre tilgjengelig for publikum, og endringene er godt mottatt.

Vi solgte mye på standen til Landslaget, og mest populært er våre t-skjorter og porselens krus. Noe av hensikten med standen, er å verve nye medlemmer. I år fikk vi 5 nye medlemmer. Som regel var vi 2 på «vakt» – en er på selve standen, og en som sørger for tilgang av kaffe og det gode miljøet rundt bålpanna.

Det var konkurranse i melking, der kjendisene skulle prøve seg. Det var 3 statsråder og Statsministeren som fikk prøve seg.



Speaker Klæken kommenterer etter at Støre og Pollestad har gjort sitt.



Lina på standen til Landslaget for Telemarkfe.





Hellek på standen til Landslaget for Telemarkfe.



Sånn skal det håndmelkes!

Anne Haugo i aksjon.



Dyra får vist seg på ein fin måte.



Norsk Bufe

stand på Dyrsku'n 2024

Norsk Bufe hadde også i år stand inne i Husdyr-hallen. Her prata me med folk og delte ut blad og informasjonsmateriale om dei gamle bevaringsverdige storferasane.

Me selde også kalendrar, koppar og bøkar. Kjell Gunnar Håkull hadde ansvaret for standen og var på stades heile helga, med god hjelp frå familien Aadneram som avløysarar.



Dølafefaget og Norsk Bufe inviterer til dommerkurs i samarbeid med Geno 5/7 2025



Gjennom noen år har avls- og raselagene tilknyttet Norsk Bufe, gjennomført vandreutstillinger rundt i landet. Dette har ført til økt interesse for eksteriørbedømming, og mange ønsker å lære mer om dette. Vi arrangerer derfor et dommerkurs der det er mulighet for å lære om eksteriør, både i forhold til egen avl og bedømming.

Dommerkurset vil finne sted hos Even Norderhaug og Espen Mørch Andersen i Løten, Hedmark.

Arrangementet er gratis. Det vil bli catering på stedet.

Det er mange overnattingsmuligheter i nærheten for de som ønsker dette.

Mer informasjon sendes ut til avls- og raselagene når tiden nærmer seg.

Interesse for deltakelse meldes på mail til dolafelaget@gmail.com. **Velkommen til en lærerik dag!**

VANDREUTSTILLING

juli/august 2025

Vi ønsker igjen å reise rundt å se på flotte Telemarkskyr.

Den fineste kua i hver besetning blir presentert i bladet.

Meld deg på, og få en god kuprat

Påmelding innen 1.juli 2025

til Sigbjørn Haslemo på
s-haslem@online.no
eller 91619850



HVEM har høgste årsavdrott i 2024?

Så fort det blir januar, må du sjekke hvor mye godkua melka i 2024 (kg EKM)

Flotte premier til de 3 beste.

Krav er godkjent kukontroll.

Meld på kua di innen 15. februar 2025

til Sigbjørn Haslemo
91619850 eller
s-haslem@online.no

Meir info seinare,
både direkte og på Facebook





Avlsutvalets spalte

TEKST: JAN ERIK KJÆR



42037 Føresdølen er den første telemarksfeoksen i historien som det er produsert kjønnssortert sæd av. Foto: June Witzøe/Geno

24907000 0135 Buskerud Oskar fra Buskerud fylkeskommune ved Buskerud videregående er den siste oksekalven som er tatt inn til semin. Foto: Vårhild Ausland Steingrimsen



Nytt seminokseemne

Avlsutvalget har tatt inn en ny oksekalv til semin siden forrige Telemarkskyri. Dette er 24907000 0135 Buskerud Oskar fra Buskerud fylkeskommune ved Buskerud videregående. Mora 0250 Nykke ble stilt på Dyrsku'n i 2023 og ble da dømt til beste telemarksku. I tillegg til å ha et flott eksteriør, er mora ei god mjølkeku og produserte 7.040 kg i 2. laktasjon.

Får du en oksekalv du tenker er aktuell til seminokse, meld den inn til avlsutvalget!

Kjønnsseparert sæd

Vi minner om at Geno tilbyr kjønnssortert sæd etter 42037 Føresdølen. De første kukalvene etter denne sæden har sett dagens lys og selv om det bare ble produsert et begrensa antall er det fortsatt tilgjengelig doser. Dosene har en høyere pris enn ordinær sæd, men her har man mulighet til å sikre seg en kukalv under favorittkua i fjøset. Det er litt lavere tilslag på insemineringene etter kjønnssortert sæd. Styret har foreløpig ikke vedtatt å produsere kjønnssortert sæd etter noen nye seminoksemner.

Oppdater stamtavlene

Stamtavlene fra genressurssentert ved NIBIO er et godt verktøy i avlsarbeidet både i egen besetning og for avlsutvalget ved utvalg av seminokseemner. Det er en forutsetning at stamtavlene er korrekte. Dessverre kan det virke som om kommunikasjonen mellom de ulike registrene ikke alltid er så god, og mange får stamtavler med feil opplysninger og på dyr som for lengst er slakta. Korrekte registreringer fra husdyreierne er helt avgjørende for at stamtavlene skal bli rette, men feil dukker altså opp selv om alt er gjort rett ute hos brukerne. Vi oppfordrer alle til å bestille komplett samling med stamtavler en gang årlig og gå nøye gjennom alle slik at feil kan rapporteres til genressursenteret og dermed lukes ut.

Ny gardsokse til våren

Trenger du ny gardsokse til neste paringssesong? Husk å starte tidlig nok med å anskaffe deg en, slik at du får tak i en god okse som passer best mulig i besetninga di.



Ei helsing frå Skøri og Snarteland i Fyresdal

Det er 10 november i dag og gråvêr. Eg skal til «Skøri» (støylen min) med eit lass materialar til ny bu for støylsfolket, som skal stå ferdig til neste sesong. Framleis bart og ikkje frost i bakken, så vi må nytte veret no.

Ja støyling er noko eg har drøymt om i mange år å få til, men har vel aldri fått kome i gang av ulike årsaker. Skøri er eigentleg ein gamal gard som min Oldefar kjøpte i 1883 og la den til garden her.

Farmor fortalde at dei bruka den som heimstøyl på forsommaren før dei reiste vidare på heia med dyra midtsumar.

Frå ca 1960 og fram til år 2000 låg den brakk og grodde heilt att, men husa vart teke vare på og tekt med zinktak i 60 åra.

Eg tok til å rydde kulturlandskapet i 2001 og fekk tilbake gamle jorder og beitemarker, har restaurert alle husa og lagt til rette for turfolk. Arealet har i åra etter rydding blitt bruka som ungdyrbeite og det gamle kulturlandskapet har kome attende.

Plassen ligg på ei hylle nokre hundre meter ovanfor garden heime, og vegen(stien) opp er svært bratt og krungete og er umogleg å kome fram med anna en to og firbeinte (lengde 500 meter), så har vi ein køyreveg rundt, lengde 13 km.

Utsikten frå Skøri er enorm og du får verkeleg nasjonal-romantikk følelsen av å være her. Fyresvatn speglar seg og Fyresdal sentrum ligg fint til venstre i synsfeltet.

I sumar skjedde det altså at eg flutte nokre kyr og masse styr opp til Skøri for å drive mjølkeproduksjon der oppe. Ein av grunnane var at eg ikkje kunne mjølke heime då eg bygde om fjaset til lausdrift og mjølkerobot, men mest at eg hadde veldig lyst til å prøve dette livet på støylen.

Eg hadde med tre mjølkekyr og ein kalv og produserte rjome for sal. Fløyten vart etter separering pasteurisert og syrna



Flott utsikt frå Skøri





Nytt kokehus på støylen

før den blei bore i spann ned til garden for vidare syrning og pakking.

Salet gjekk unna, og det som vart til overs av rjome, laga eg smør av heime på garden. Skumma- mjølka blei frakta heim og fora på grisane, så dei fekk eit festmåltid kvar dag (kanskje eg etter kvart også vil nytte denne i osteproduksjon).

Som sagt var sesongen 2024 eit prøveår, men det gav verkeleg meirsmak. Eg investerte i eit foredlingshus/mjølkerom, ny separator, mobil mjølkemaskin og strømaggregat og ikkje så mykje meir, det kom på under kr 100 000,- og så var eg i gang.

Kyrne kosa seg der oppe og gjekk villig inn i det gamle fjaset til mjølking, elles gjekk dei med Nofence og var aldri langt unna. I og med det er lagt turveg opp hit og vidare opp på toppen på fjellet Høgenut 863 m.o.h, er det alltid godt med besøk på Skøri. Dette er noko eg må prøve å nytte seinare år med tanke på litt enkel servering og overnatting.



Støylsidyll på Skøri

Facilitetane for støylsfolket er noko eg fort merka at måtte forbetrast, då det gamle gardshuset er litt 1850 stil over og egna seg ikkje heilt til formålet. Difor set eg opp ei lita bu nå, som kan nyttas til budeie/røktarbustad.

Eg må og få gje honnør til at det er lagt til rette for at vi skal halde denne tradisjonen i hevd med å bruke ein del av jordbruksavtale midlane til å styrke støyl drift gjennom RMP programmet.

Her heime tek fjaset no form og ei ny tid byrjar med lausdrift og mjølkerobot, og eg er snart klar til å levere mjølk att i januar 2025.

Eg har stort sett fått selt alle kyrne med horn til liv, noko som gledar meg veldig, og held fram med kolla besetning med framleis ein del Telemarskfe.

Velkommen på besøk neste sesong!

Beste helsing
Aslak Snarteland



Frå det nye fjaset på Snarteland



Frå gamlefjaset på Skøri





Nyfødt Lykke

Verdens første kvigekalv etter inseminering med kjønnseparert sæd av Telemarkfe

Høsten 2017 kjøpte vi våre to første Telemarkfe sammen. De kjøpte vi hos Torfinn Knutsen på Senumstad i Birkenes i Agder, som drektige kviger. Kvigene viste seg etter kort tid å være noen trivelige dyr, og fikk raskt mye oppmerksomhet hos oss.

Årene gikk og det var nr 278 Kroma som viste seg å være den beste av disse to med tanke på lynne og avdrått (6700 EKM i 2023), to kriterier vi alltid har satt som viktige hos oss, men Kroma gav oss bare oksekalver.

Vi var derfor raskt ute med å bestille doser av kjønnseparert sæd av Telemarkfe når disse ble tilgjengelige via Geno. Vi var første kunde, og kjøpte 10 doser, til den nette sum av nesten kr

10.000. Planen var i første omgang at disse dosene skulle brukes på Kroma, vi måtte jo ha en kyrkalv etter henne, men vi skulle også inseminere noen kviger. Den ene kviga var nr 41 Kamilla, 75% Telemarkfe, kryssset fram fra vår beste NRF-ku, nr 494 Magnhild, i de 13 åra vi har drevet gården på Svaland i Birkenes.

Kroma var drektig med gardsokse da vi kjøpte dosene, og jammen fikk hun en kvigekalv. Dette var selvsagt veldig

gledelig, nå kunne det bli 2 kvigekalver etter henne om hun tok seg ved inseminering. Krona har ikke alltid vist blødning etter brunst, og har vært litt vanskelig å ha 100% kontroll på. Det måtte derfor 2 brunster, og 3 doser til før hun tok seg ved inseminering med kjønnseparert sæd av Telemarkfe. Krona skal kalve i desember i år, og vi gleder oss veldig.

Men så var det verdens første kvigekalv født etter inseminering med kjønnseparert sæd av Telemarkfe. Den kom til verden 23.08.24, og fikk navnet Lykke. Det er litt ekstra spennende når kviger skal kalve, da har man jo ikke erfaringer fra tidligere kalvinger å tenke tilbake på. Under morgenstellet denne dagen skjønnte vi at Kamilla var så smått i gang med kalvinga. Hun ble derfor satt inn i kalvingsbingen, og fikk tilsyn hver halvtime. Mellom tilsynene hoppa vi i traktoren og rakk og slodde en traktorvei før kalvinga begynte på ordentlig. Kalvinga gikk veldig fint, helt uten hjelp, akkurat slik en ønsker at alle kalvinger skal være. Etter kalving fikk Lykke og Kamilla være i fred, og det gikk ikke lang tid før Lykke var på beina og begynte å lete etter ein spene, og sitt



Lykke

første måltid. Lykke og Kamilla fikk være sammen i 14 dager. Da ble Lykke flytta til ei «ammetante», og Kamilla tatt ut av kalvingsbingen for å bli ordentlig melkeku. Det ble noen dager med rauting fra Kamilla, men Lykke var like fornøyd med ammetanta si

som sin egen mor. I skrivende stund er Lykke godt i gang med å spise grovfôr og kraftfôr, men får fortsatt drikke litt melk hver morgen. Da deler hun ammatanta si med 3 andre kalver.



Kamilla med vesle Lykke



Sumarturen til Sverige

20.-23 juni 2024

Ja, så fekk me til ein midtsumarstur til Sverige att. Det var 32 år sidan fyrste gongen me besøkte Karl-Gustav Hedling på fåboden i Ôstra Grunuberg i Orsa. Sidan me hadde tradisjon for skotårs tur dit tri gonger, passa det å ta turen att i år, 24 år sidan sist.

Me var ein feststemt gjeng som sette kursen mot grannelandet i aust, torsdag 20. juni. Me hadde leigd ein minibuss med geitebonde Jon Olav Hauge frå Arabygdi som stødig sjåfør. Med «olabeger» som drammeglas, som høver godt for kyfolk på tur, sytte me for at alle fekk «fukte mulen».



Hjå Karl-Gustav Hedling på fåboden i Ôstra Grunuberg.

Reisa gjekk galant fram til Selen, der fyrste stopp i Sverige var Systembolaget. I frå Selen til Mora var det mykje vegarbeid og me var mange kartlesarar, så det var ikkje lett for bussjåføren å ta rette vegen støtt. Me kom då etterkvart fram til Mora, og med Karl-Gustav på tråden gjennom Mora der det var mykje omkøyningar heilt fram til Grunuberg, kunne me ikkje ta feil av vegen. Vel framme, fekk alle ein plass å bu, og så var det snart klart for mat og fest i den trivelege festsalen som Karl-Gustav har laga på Fåboden.

Neste morgon kom med sol og fint ver, og etter frukost var me klare for å reise på midtsumarfeiring hjå Brits Lars Björk i Leksand. Han har ein rein Telemarksfe besetning som han har som ammekyr. Han kjøpte dei fyrste dyra av Karl-Gustav for over tretti år sidan. Det var eit festpynta tun som møtte oss hjå Brits Lars. Midtsumar feiringa er heilt spesiell i Dalarna, mest som 17. mai her. Her var det bunadskledde

vaksne og born, fiolspel (svensk for felespel), song og dans. Høgdepunktet var heisinga av «maistong» - dette skjedde etter eit fast rituala med tilrop og song. Etter heisinga var det song og dans. Det var ein veldig triveleg dag hjå Brits Lars og familien hans. Me avslutta dagen i Britsgården med «Jansons fristelse» kring langbord i den fine hagen og med «fiolspel» av Brits Lars. Han er den flinkaste fiolspelaren eg veit om.

Ved eit seinare høve i sumar fekk Brits Lars eit tresnitt med motiv av beitande telemarkskyr laga av kunstnaren Ivar Nordhagen – dette som takk for ein framifrå dag me hadde hjå han, og for at han er den einaste svensken med rein telemarksfebesetning.

Så bar turen mot Grunuberg att. Me måtte ha ein stopp ved ei brygge langs Siljansjøen med bading og hyggeleg lag. Vel attende, og etter litt mat og beinstrekk, var det fest og god stemning på Grunuberg.

Laurdagen kom òg med sol og fint ver. Me reiste då på tur att til midtsumarfeiring på Hembygdsgården (sama som bygdetun her) i Våmhus. Der var det òg heising av Maistang og framvising av mykje tradisjonelt handverk. Våmhus er



Brits Lars Björk får overrekt tresnitt med motiv av beitande telemarkskyr laga av Ivar Nordhagen, som takk for ei fin midtsumarsfeiring og for at han tek vare på telemarkskyrne i Sverige.



Mat ute i det fri.



Setergraut på Braskerudsetra.

kjente for korgmakarar og dei som lagar hårsmykke. Dette var ein stor spesialitet for folk i fra Våmhus, særleg på 1800-talet, då det reiste kvinner til Russland i aust og Storbritannia i vest for å lage hårsmykke for rikfolk og kongelege. Dette gav området like stor inntekt som landbruket. Etter nokre timar på Hembygdsgården, ville folk attende til Grunuberg der me hadde nok ein fin kveld, med mat, song og musikk. Carina og Leif Wenneberg, gode vener av Karl Gustav, spela og song for oss denne kvelden.

Så var det sundag og tid til å taka farvel med Karl Gustav og Grunuberg, og me sette kursen mot heimlandet att. Me køyrde då til Braskerudsetra og besøkte Erik og Roy. Det var

fantastisk å bli møtt av den fine besetninga av Telemarkskyr dei nå har. Etter omvising i fjøs og ysteri, fekk me servera verdas beste rjomegraut i det trivelege støyshuset. Me fekk òg smake på mange gode ostar attåt kaffien. Etter at me hadde kosa oss på Braskerudsetra ei tid, måtte me vidare på heimveg. Ein framifrå triveleg tur var snart til ende for oss alle.

Me vil takke alle som tok så vel imot oss, og ein ekstra takk til ein stø sjåfør. Og ikkje minst ein takk til alle som var med på turen – det var ein bra gjeng!



Erik og Roy ønskjer oss velkomen til Braskerudsetra.



Sommarfest i Dalarne.



Sommarjobben som vart ein livsstil

Som hovudfagsstudent fekk Nina Svartedal i sommarjobb å reise frå gard til gard for å registrere kyr. Tretti år seinare har bevaringsarbeid blitt ein livsstil, med to eigne dølafe på eige småbruk.

Nina Svartedal står på trappa heime på småbruket i Skiptvet.

– Velkommen til Svartedal, seier ho.

Buhunden Kaisa ønsker velkommen på sitt vis. Norsk buhund er rekna for å vere direkte etterkomar etter hundane til dei som først busette seg her i landet. I dag er rasen kritisk trua (under hundre avlshodyr).

Kritisk trua er også flokken av smålensgåås som vaggar mellom det grøne graset og dammen. Smålensgåsa er rekna for å vere den opphavlege norske gåsa. Flokken er utestengde frå hagen. Ein frodig hage som er ein fryd både for syn og gane.

Litt bonde

Nina og mannen Lars, kjøpte garden i 1996 og flytta hit i 1997. I bakkane ned mot Glomma beitar kuflokkene. Fem i talet. To kyr, Kranslin og Hjertros, Paul, ein 2,5 år gammal kastrat, og to årskalvar, Arnemann og Julius, som også er kastrert.

– Ku har vi, eller eg... drøymt om å få når eg vart pensjonist, men då hesten vår vart sjuk og døydd, rykka dette ønsket fram i køen, seier Nina.

Ho understrekar at ho ikkje har ein favoritt blant dei gamle kurasane. Men mannen hennar er frå Gudbrandsdalen. Difor vart det dølafe. Dei to kyrne kom til Svartedal som kviger i 2020, og har berre avla hanndyr. Alle vert kastrert og kan nyte frisk luft og grønt gras heile sommaren.

Steile frontar

Midt på 1980-talet var Nina elev ved Sogn Jord- og hagebruksskule, og skreiv oppgåve om bevaringsverdige storferasar.

– Anar eigentleg ikkje kvifor, men det gjorde eg altså, seier ho.

På den tida var det langt mellom dei gamle kurasane. NRF kom for fullt på 1960-talet og alle avlslaga gjekk inn i Norsk Rødt Fe, bortsett frå avlslaga for telemarksfe og sidet trønderfe og nordlandsfe (STN).

Rundt 1980 var 99 prosent av mjølkekyrne NRF (sjå figur neste side).

– Det gjekk fort. NRF var godt organisert og hadde dyktige avlsforskarar, seier Nina.

Men det brygga opp til steile frontar.

– Avlsforskarar og rådgivarapparatet løfta fram NRF. Bønder som haldt att vart langt på veg fryst ut, også or Kukontrollen. Det igjen førte til at NRF vart eit skjellsord i smårase miljøa. Men så skal NRF ha ros for at dei tidleg begynte å ta inn oksar til semin frå dei gamle rasane, seier Nina.

Allereie i 1978 tok dei inn Trandal, ein vestlandsk fjordfeokse frå Hjørundfjorden. Og dei siste tiåra har Geno systematisk teke inn oksar til semin av VFF, ØR, VR og DF, for eigen rekning.

– På den eine sida var NRF sin tilnærma monopolsituasjon med på å nesten utradere dei gamle rasane. På den andre sida var dei økonomisk slagkraftig nok og hadde vilje til å bistå i bevaringsarbeidet for dei gamle rasane. Det er sterkt medverkande til at vi har lukkast, seier Nina, og trekker fram tidlegare direktør Andres K. Ødegård som viktig i dette arbeidet.

Kartotek og telefonkiosk

På 1980-talet var det ingen som visste kor mange individ det var att av dei gamle kurasane. Som hovudfagstudent ved det som då var Landbrukshøgskulen på Ås, kom Nina i kontakt med professor Nils Kolstad, og vart hyra til ein spesiell sommarjobb.

I lag med Ellen Messel reiste ho på kryss og tvers i heile Sør-Norge. Først i 1989, for å telje vestlandsk raudkolle, vestlandsk fjordfe, østlandsk rødkolle og dølafe. To år seinare for å registrere telemarksfe, då i lag med Bine Melby.

– Første sommaren kørde vi 7000 kilometer og var innom tretten fylke i løpet av 25 døgn, seier Nina.

I snitt vart det 30 mil og tre gardsbesøk per dag. Dei hadde ei liste med namn som dei fekk frå Norsk Landbruksmuseum.

– Vi hadde fylt opp med myntar som vi nytta i telefonkioskar for å få tak i folk undervegs. Og eit kartotek med kort kor vi skreiv ned informasjonen om enkeltindivid. Dette var analogt, seier Nina.

Ho er imponert over kor godt dei vart tatt imot når dei inviterte seg sjølv til gards.

– Vi vart fort avslørt for kor lite vi eigentleg kunne om dyra dei elska. Men vi lærte jo fort.

På hengande håret

Den første sommaren oppsøkte dei nærare hundre tips. Lista enda til slutt på 63 bruk med gamle storferasar.

– Vi fann 11 østlandsk rødkoller, 25 dølafe, 49 vestlandsk fjordfe og 51 vestlandsraudkoller, seier Nina.

To år seinare registrerte dei 115 telemarksfe. På den tida var det rundt 800 STN-kyr, såpass mange at dei nytta tala frå avslaget. Alle kyr hadde namn, somme fleire, som til dømes Krokhornsvarte, Langsvarte og Storsvarte. Alle namn på same ku. Og bøndene kjende godt slektskapet til dyra sine, langt tilbake.

– Det var fint å oppleve korleis dei snakka om flokken sin, og kor tett dei var på dyra sine, seier Nina.

Og selde dei livdyr, var det ikkje til kven som helst. Dei forsikra seg om at det var bønder med dei rette intensjonane.

Starten på Kuregisteret

Nina kjøpte ein Mac (pc) og i lag med broren lagde ho eit register. Alle dyr fekk eit nummer og vart registrert med slektskap. Og bøndene fekk stamtavler på dyra sine. Det vart



starten på dagens Kuregister, ein slektskapsdatabase for dei bevaringsverdige storferasane.

Ferdig utdanna vart Nina tilsett i Norsk Landbruksmuseum for å jobbe med bevaringsarbeidet for husdyr. Der fekk ho utvikle Kuregisteret vidare og vart eit kontaktledd for bøndene. I dag er det Norsk genressurscenter, tilslutta NIBIO, som har dette ansvaret på vegne av Landbruks- og matdepartementet.

– Kuregisteret er framleis eit uvurderleg verktøy i bevaringsarbeidet ved at det gir oss oversikt over populasjons- og slektskapsutviklinga, og gir grunnlag for å gi avlsråd til bøndene, seier Nina.

Ein suksesshistorie

Nina peikar på tre faktorar som var viktig for hennar rolle i arbeidet med å få bevaringsarbeidet på rett spor.

– At vi fekk utvikle Kuregisteret, at eg hadde relevant utdanning (hovudoppgåve ved NLH i 1990 om dei gamle norske storferasane), og min konktakt med og støtte frå avlsforskarane på Ås. Det ga meg nødvendig kompetanse til å formidle truverdig og korrekt kunnskap om berekraftig avl i små populasjonar, seier Nina.

I små populasjonar handlar det om å spreie genar og unngå innavl gjennom utstrekt bruk av gardsokse. Altså motsett av avlsarbeid i NRF, kor gardsoksen ikkje bidreg i avlsarbeidet.

I 2016 starta Genressurscenteret arbeidet med å simulere paringar og estimere innavlskoeffisientar på avkommet. Eit viktig verktøy i arbeidet for å ta vare på populasjonane.

– Vi må jo kunne kalle dette ein suksesshistorie, at vi har klart å få alle dei bevaringsverdige storferasane over frå å vere kritisk trua til å «berre» vere trua, seier Nina.

Mjolk og kjøt

Nina fortel om eit godt samarbeid på tvers av raselaga, men legg ikkje skjul på at diskusjonen mellom mjolk og kjøt har skapt stort engasjement dei siste åra.

– Det er nok det vanskelegaste vi har vore borti, seier ho.

Auken i populasjonen av dei små rasane kjem først og fremst i ammekuproduksjonen. Talet på mjølkekyr har ikkje auka dei siste åra.

– Korleis skal vi klare å ta vare på desse dyra som mjølkekyr, slik dei opphavleg var?

– Genetisk er dette ikkje eit problem. Men kunnskapen om å føre desse rasane som mjølkekyr står i fare for å gå tapt om vi ikkje klarer å ta vare på dei i mjølkeproduksjonen, seier Nina.

Ho ramsar opp fleire bønder som trass lite avlsmateriale har klart å få fram gode mjølkekyr. For dei gamle rasane må forast annleis enn dei kommersielle, om bonden skal klare å ta ut potensialet i mjølkeproduksjonen.

– Denne kunnskapen er det ingen i rådgivingsapparatet som har i dag. Det er rett og slett tradisjonell kunnskap. Nettopp det har Norge eit ansvar for å sikre, og det skjer berre gjennom bruk og formidling mellom bønder, seier Nina.

Ein ny trend?

Etter over tretti år er Nina godt kjent i miljøet. Ho er audmjuk overfor dei som stod på for rasane sine og slik tok vare på genetikk og kunnskap.

– Desse bøndene trudde oppriktig på at dei gamle rasane har ein verdi. Somme meinte, og erfarte, at med ei driftsform tilpassa desse rasane kunne dei gi eit like godt økonomisk utbytte som om dei hadde brukt NRF. For andre var det viktig å ta vare på eigenverdien og den kulturhistoriske verdien slik at det ikkje gjekk tapt for framtidige generasjonar, seier Nina.

I dag er livdyr av dei gamle storferasane blitt trendy og ettertrakta, men raselaga held bevisst ein moderat livdyrpris, og ønsker alle nye velkommen.

– Kva motiverer deg i dette arbeidet?

– Tja... Eg likar litt David mot Goliat. Å vere så underdog, og likevel halde ut og halde fast på det dei har tru på. Eg har ei grunnleggande haldning om at mindretalet har livets rett og skal respekterast. Difor var det lett for meg å involvere meg i arbeidet for å vise desse bøndene og dyra deira respekt og gjere mitt for at rasane skal overleve, seier Nina.

Og no, tretti år etter registreringsaksjonane, har ho fått sine to dølakyr og kan bidra aktivt i avlsarbeidet.

– Det var stort!

– Kvifor er det så viktig å ta vare på dei gamle husdyrrasane?

– Det er det mange grunnar til. Dyra har ein eigenverdi, og er ein del av vår kulturhistorie. Dei kan ha eigenskapar vi ikkje kjenner til, men som kan bli viktige i framtida. Dei er interessante i forskning, fordi dei kan seie noko om kontrastane mellom dagens og gårdsdagens husdyr og produksjonsforhold. Og dei er ein del av jordas genetiske mangfald, som alltid er ein reserve for morgondagens avlsarbeid.

– Vi ser også at desse rasane er overrepresentert i bruk av utmarksbeite, i økologisk drift og i lokal foredling av mjolk og kjøt. Det handlar også om å ta vare på ystetradisjonar og handverk, seier Nina.



Gamle kurasar

Vi har i dag seks bevaringsverdige storferasar: vestlandsk raudkolle (VR), vestlandsk fjordfe (VFF), østlandsk rødkolle (ØR), dølafe (DF), sidet trønderfe og nordlandsfe (STN) og telemarksfe (TF).

Tilskotet til bevaring av dei gamle rasane kom i år 2000 med 632 kroner per reinrasa mordyr per år. I 2023 var satsen 3910 kroner per mordyr og oksar over 12 mnd., maks to okser per rase per buskap.



LUSSI-NATTI

Dei ber ved for mor. Anne sit på hoggestabben og plukkar turr-spik upp i forklædet.

Tarjei stend burtved baksteveden.

-Sjå så lange fine skiur.

-Mor må ha dei slik til baksten. Dåvisst til jolebaksten, segjer ho.

Tarjei bankar tvo kvite skiur mot einannan. Det klingrar og skjelv i den turre granveden. Tonar og dirrar. Han held eine skia til øyra og lyer.

-So gjer klokka med ei liti jønnekluft, segjer Anne. -Når han skal finna rette salmetonen.

Tarjei slær vedspiki mot stabben. Lyer.

-Høyrer du noko?

Tarjei bankar og lyer. Svarar ikkje på lenge.

-Ja, det er noko. Eg hev høyrte detta fyrr. Då eg var med far uppi skogen på skaren i vår. Då høyrde me så mykje med same soli rann. Orren leika, og. Det var liksom noko levde burti alle åsane.

-Spela det? For i Ljosnuten spelar det, segjer Kari.

-Nei, men i Hardås kneppte det som ein sat stemde fela si.

Anne stirer lenge på broren, som hev høyrte so mykje underleg i den vide verdi. So hev ho og noko:

-Han var so beinkløyd, denna bakstvedstokken, sa far. Det var fele-vyrke, sa han.

-Det må vera svart-or og i felune, blæs Tarjei. -Og ho veks berre i djuvet ved Stembekken.

-Hev du vore der?

Det dreg ut litt med svaret.

-Vore. Eg hev vel vore so mange stader. Kan eg standa her og stabeint minnast alle stade eg hev vore?

-Nei.

Aldri hadde Anne trudd Tarjei hadde vore so uskonleg vidt.

No må me skunda oss med veden. Mor skjønar ikkje korleis ho skal bli ferdig med lefsune.

Det er så stutte dagar, seier ho.

Vegene i tunet er uppmoka med høge brauter. Når Tarjei og Anne skal åt fjaset, spring dei som i en djup dal millom kalde snøfjell. Like over løetaket ligg himmelen. Han er grå og sid og mest bresteferdig av nye snøfall.

Her er ikkje kjelkeføre skapt. Einaste låvebrui gjev ein liten skjøtt millom kvite snøvegger, so kjelken gjeng mest heilt burtåt gangdøri.

-Her er snart skumt, segjer Anne

-Det er stuttaste dagen og lengste natti som finst.

-Det er Lussinatti i natt kjem. Då kan kreturi tala, segjer bestemor.

-Hev eg då visst alltid.

-Hev du høyrte det?

-Nei, høyrte! Ligg eg i fjaset um nettene?

Dei stanar brått. Stend på kvar side av kjelken. Tvo blå augnepar stirer inn i einannan.

-Um me...?

-Du er for liti.

Ho veit likaste svaret: -Ikkje når du er med.

-Nei. Då.

Slikt er vågespel. Ikkje tenkjande på utan lov.

-De uroar kreturi, segjer mor.

Kjevlet trullar og rullar att og fram på bakstebordet.

-Me skal sitja kurrstilt.

-Sjå her er smakelefse. Spring ut og lyd etter um far kjem.

Dei høyrer heste-tingelet ende nordum Storåker. Spring tømmer-slæpa burt og møter. Far er snøutt og kvitrima, og Brunen er grå over heile hovudet. Dei fær sitja på lasset hitover slette vollen.

-Far, er dette joleveden? Anne bit av lefra og ser på far med dei blåaste augo som finst i heile verdi.

-Far, må vi vera i fjaset i natt og høyra når Gullsi talar?

-Og når bukken legg til med dette me ikkje må segja?

Det er lenge myrkt då far hev lesst av veden og stulla hesten og eti og allting. Mor legg burt bakstegogni.

-Må dei detta dei hev funne på?

-Det er varmt i fjaset, veit du.

-Dei kunde sitja ei beite. Dei fær fort nøgdi av det. Eg sit lenge bakar i kveld, so hentar eg dei.

Og lydest burt av og til.

Mor tender fjoslykti. Korleis tru det lagar seg. Tvo augnepar fylgjer henne. Ho gjeng mot roskåpet.

-Det er vel best de tek med kvar si lefse då. Um natti skulle bli hoste lang for dykk og.

Dei styrmer kring henne og ut. Far stend i døri og lyer etter dei. Ser den vesle lysa voggar i myrkret burtetter holdjupe fjosvegen. Ser små føtter som trippar og travar i lykteskinet. Høyrer eit og anna ord, og drys burt i myrkret.

Dei fylgjer mor att og fram når ho hentar høy. I løa slær det i møte ein liten sumar. Logn og godlukande. Tarjei tek ein høydott og klemmer mot andletet. Det kjem mot han med gras og blomar og solvarme myrar. Heile sumaren er stengd inn og målbunden her i myrkret. Ligg angar seg ut so sterkt og tungt at det kjøver for bringa som ein hugverk. Slikt som ein kjende då mor låg sjuk i fjor. Munnen stend ikkje på dei bil mor mjølkar.

-Mor, du gjev vel meir i kveld? Når denne natti er so ugodsleg lang?

-Det var vel på støylen bukken lærde detta? Aslak bannar.

Mor er ferdig. Dei vert meir tagalle.

-Set dykk so stilt her, på halmhaugen far bar inn.

Anne ser langt på mor. Flytt seg nokre fet etter henne. Men mor er alt burtved døri med fjoslykti.

Då er Tarjei nærare, og ho triv handa hans med same døri fell att, og myrkri kjem skvettande.

Andre handi hennar klemmer ein dusk blomar ho plukka or høyet. Dei var so vesale og turre der dei låg og skulle etas tupp. Prestkrage og blåklokke og raude kløver. No vil ho ikkje sleppa dei for



alt i verdi. Dei er dagen og ljuset og sumaren. Ho legg dei innåt munnen. Bit varsamt i dei. Kviskrar små ord.

Blomane mine! Blåblomen min, raudblomen min! Du, du, du!

-Teg deg! Du uroar kreturi. Dei må ha ro. Bukken skal tenkja ut detta han skal segja.

Dei sit kurrstil i halmhaugen. Heile freden og trygdi i fjaset kjem mot dei so god og logn. All otte kverv. Anne hallar seg attover mot sauegarden og held blomdusken mot bringa. Ho høyrer kyrne riv i høyet, sleivar og et. I sauegarden tuslar det i turt ospelauv. Dei gjet vel ingenting fyrr dei hev ete frå seg.

Tarjei sit nærast geitstillet. Han høyrer bukken riv og slit i lauvkjervan. Sumtid dunkar det av horn. Etterkvart stilnar det. Dei høyrer Gullsi legg seg. Ho sukkar so tungt i det same. Tru...!

Etterpå vert det endå stillare. So stilt hev her aldri vore nokonstad fyrr. Einstad burtved fjosglaslet tuslar noko oppunder taket. Tru kva det er?

So kakklar og flyt det seg litt. Hønune. Tru dei og... Stilt, stilt att.

Det pikkar og bankar i veggen so ørlite og smått. Mest som klokka hans far. So knett det kvast einsstad, so Anne skvett og triv etter hand. Tru stokkane og levnar i natt? Vil gjeta noko um at dei trivst lite med å liggja her i fjosveggen vetter etter vetter og stuvbera eit dyvjetungt tak med alnedjup snø oppå? Vil dei segje stabeint ifrå i natt, alle, tru? Katten i buret? Mysene attum kornkjeret? Og sporven under låven som frys og svelst so fælt?

Tarjei kviskrar um dette til Anne.

-Kan det vera råd, tru? kviskrar ho attende.

-Kvi skulle dei ikkje det? Denne eine natti. Her er allverdens ting til å ha noko å segja: Den store raunen nedom stoga. Og badstoga som ligg so åleine burtpå Smiebakken. Eg høyrde ho rødde ein gong. Plent som det var folk inni ho.

-Er du...Det hev du aldri sagt fyrr.

-Sagt. Segjer ein alt? Tarjei tegjer. Stuvtegjer. Han er den som kunde fortelje eit og anna.

-Ikkje teg deg soso! Me må vera stille no.

Anne sit fatig. Hev berre blomane sine. Tru dei og vil tala? Prestekrage og kløver? Kviskra noko til henne?

Ein lang stubb av nattstilla glid og skrid framum. Anne kjenner det dunsar og susar attum øyro.

Inni hovudet. Det er liksom noko renn framum der i små gausar. Tidi renn. Far sa det av og til.

No høyrde ho det. Ho sit lyer på dette lenge. Etterkvart dovar det. Tidi renn saktare medkvart.

Hovudet hennar Anne sig ned mot bringa. So velt heile gjenta litt på sida inn mot halmhaugen.

Dei turre blomane kryp upp mot øyra hennar. Kviskrar og kviskrar. Blåklokka ringjer som ei fin bjølle.

Tarjei sit tek imot eit og anna som lydest gjennom myrkret. Bukken hev lagt seg til å hjorta no.

Tru han minnest då Tarjei råka han med steinen i haust? Ikkje at Tarjei ville nettup, men bukken var trassug ofte. Det gjorde vel vond? Han banna nok heitt inni seg den gongen, bukken. Var like glad Kvitefeld ikkje gat noko um det i natt. Å nei, det gjorde han nok ikkje. Dei var godvener no.

Mangein tobakkbuss hadde Tarjei stukke til han, og i kveld fekk han halve lefsa.

Um dei gat alt, dyri.

Tarjei kviskrar til Anne inni myrkrett: -Kanskje dei fær ei einaste slik natt. Til å segja frå?

Men Anne svarar ikkje. Stilla kjem attende med ein einaste gong. Legg seg fyre. Gror i eitt med myrkret der ute og med heile den store, stille vetternatti som ligg over skogar og fjell og dalar.

Tarjei legg seg likogodt attover halmhaugen, han og.

Lyer vel etter. Gullsi sukkar so tungt ein gong. Tru ho minnast noko? Tarjei sig djupare og djupare i halmhaugen.

Det angar av sumar og vermer av sol. Han ligg i grastuva på støylsvollen. Kvitefeld kjem og sett nosi burti hårluggen hans, so Tarjei skvett upp. Ser beint inn i lysa på fjoslykti. Mor bøygje seg over han, og far lyftar Anne upp frå halmhaugen. Ho suttrar og gnid seg i augo. Vaknar so med eitt:-Hev dei sagt noko?

Mor hentar ein høyvondel for å roa kreturi. Med eitt spring Tarjei inn i stillet til Kvitefeld som ligg hjortar so det breide sjekket bylgjar. Tarjei slær armene rundt halsen på den sjeggutte venen sin, Lyer lenge mot dyrepusten som mot den tonande trespildra frå skogen i dag. Kviskrar so noko inn i øyra på bukken.

-Ja, no lyt me innatt då, born, segjer mor.

Anne hev sovna att på armen hans far. Tarjei fylgjer stilt etter dei andre, men burtved døri snur han seg. Lyer mot alle desse som lever og tegjer. Steintegjer.

Det tuslar i båsar og bingar. Umælende munnar hjortar og tygg. Store, myrkre skuggar rår det meste her. Innimillom leikar små ljoskast frå lykti hennar mor. Ho stend ventar i døri.

Ute er vetternatti veldugare enn nokon gong. Det hev klårna upp. Skogåsane stend svarte og lodne under stjernune. Det er dyr i skogane, veit Tarjei. I hi og hole tre. I urer og hellerar. Far ser dei av og til. Sumtid er det spor etter dei i snøen. Dei rømer hit og dit og hev det på svarte livet.

Far med Anne gjeng fyrst millom dei høge snøbrautene. So mor med lykti. Tarjei sist.

Med eit brest det ut ein tung sus uppi åsane. Det er som heile skogen vaknar og lever og endeleg andar ut under noko som lenge hev klemst og trengt.


-Det susar i høgdi, segjer far. Her blir linnver.

-Lefsetøyren, segjer mor.



Kilde: Jol i Telemark, 1937.





Returadresse: Dyrsku'n Arrangement AS, Nordbygdivege 60, 3840 Seljord



Nå dine potensielle kunder med ditt budskap, og bli med på å støtte bevaringsarbeidet for Telemarkskua ved å kjøpe annonse i dette bladet!

Vi har følgende priser på annonser i bladet Telemarkskyri pr. utgivelse av bladet (mva. kommer i tillegg):

Kvartside kr. 2000
Halvside kr. 3500
Helside kr. 6000

Bestilling og trykkeklar annonse sendes til post@telemarkfe.no



Landslaget
for Telemarkfe

Vil du være med å støtte arbeidet med å bevare verdens vakreste ku?

Send et uforpliktende beløp på Vipps til **135921**



ÅRSMØTE

Hold av helga 22.-23. mars 2025

Stad: Lien Fjellgard i Seljord

Pris: kr 2275,- pr.pers

VELKOMEN

Påmelding kan starte NÅ til
post@telemarkfe.no eller
91619850

Meir info seinare,
både direkte og på Facebook



Landslaget
for Telemarkfe

**Ønsker dere en
riktig god jul og
et godt nyttår**



Landslaget
for Telemarkfe